



Helge Rambjør
Knarvikgården 61
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7827 - 15/33704

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
04.11.2015

Førebels svar - informasjon vi ber om tilbakemelding på - gbnr 121/5 Knarvik

Vi viser til søknad om oppføring av vedhus/carport på gbnr 121/5, og ber om orsak for den lange sakshandsamingstida!

Etter samtale med Landbruksavdelinga og ein førebels vurdering, finn vi at vi ikkje vil kunne godkjenne plasseringa av vedhuset/carporten slik det er søkt om. Vi vil tilrå ei anna plassering, t.d. enten som eit tilbygg til den eksisterande garasjen, eller i nær tilknytning til den same garasjen.

Til orientering

Ny plassering krev ikkje nødvendigvis ny nabovarsling. Dersom de vel å endre plasseringa, må de vurdere om dette vil vere avhengig av ny nabovarsling eller ikkje, sjå pbl § 21-3 andre ledd. Ny plassering krev innsending av ny situasjonsplan, og evt. teikningar om desse vert endra som følgje av ny plassering.

Vi vil orientere om at etter at det eventuelt er gitt dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, som gjeld 100-metersbeltet langs sjø, kan det vere at tiltaket i seg sjølv ikkje er søknadspliktig. Dette kan de lese meir om i pbl §§ 20-1 til 20-5, forskrift om byggesak (SAK) § 3 og § 4-1, samt veiledning om byggesak (VSAK). Vi vil presisere at eitkvart tiltak, uavhengig av storleik, uansett først vil vere avhengig av dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl § 1-8.

Vi vil orientere om at dersom vedhuset/carporten kjem inn på dyrkbar mark, vil tiltaket vere avhengig av eit omdisponeringsløyve frå jordlova.

Tilbakemelding

Vi ber om ein tilbakemelding på vårt brev: om de ønskjer å endre plassering av bygget - eventuelt la det bli eit tilbygg til den eksisterande garasjen - eller om de ønskjer at søknaden skal ferdighandsamast med



plasseringa av vedhuset/carporten som allereie vist. **Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding innan 25.11.2015.**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Villanger & Sønner AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Helge Rambjør

Knarvikgården 61 5955

LINDÅS